

**Protokoll frå Årsmøtet i Hordaland Krins av Norges speiderforbund
24. februar 2011**



ALLTID BEREDT

Sak 0: OPNING

Årsmøtet vart opna med eit vers av flaggsangen, før krinsleiar Ragnar Pettersen ønskte velkommen og gav ordet til Liv Arnesen som var leigd inn for å holde eit foredrag om sine ekspedisjonar.



Sak 1: KONSTITUERING

A) Godkjenning av representantar

Ved møtets start var det 47 delegatar med stemmerett og 2 utan stemmerett i salen.

B) Val av møteleiar

Krinsstyret sitt forslag til vedtak: Andreas Dørum, 16. Bergen

Vedtak:

Krinsstyret sitt forslag vedtak med akklamasjon

C) Val av referent

Kretsstyret sitt forslag: Jens Ivar K. Kleiven, daglig leder

Vedtak:

Krinsstyret sitt forslag vedtatt med akklamasjon

D) Val av to personar til å underteikne protokoll

Krinsstyret sitt forslag: Eva Næss, 1. Storåsen
Lars Christian Løvik, 4. Bergen-Sandviken

Vedtak:

Krinsstyret sitt forslag vedtatt med akklamasjon

E) Val av tellekorps (3 personar)

Krinsstyret sitt forslag: Ingrid Koren, 4. Bergen-Sandviken
Eirin Anthun, Bergen1. FA
Susanne Grønner, 18. Bergen VS

Vedtak:

Krinsstyret sitt forslag vedtatt med akklamasjon

F) Godkjenning av innkalling

Hordaland krins av Norges speiderforbund

Besøksadresse: Speidersenteret i Bergen, Tverrgaten 2 | Postadresse: Postboks 723, Sentrum, 5807 Bergen
Telefon: 55 31 74 58 | E-post: speidersenteret@hordalandsspeiderne.no | WEB: www.hordalandsspeiderne.no

Org. nr. 971 516 097 | Åpningstider: man - tirs 9-15, tors 16 - 20 | Bank: 9521 05 44993

Member of the World Organization of the Scout Movement (WOSM) and the World Association of Girl Guides and Girl Scouts (WAGGGS).

Innkallinga blei godkjent med akklamasjon

G) Godkjenning av saksliste

Sakslista blei godkjent med akklamasjon

Sak 2: ORIENTERINGAR

- Daglig leiar Jens Ivar Kleiven presenterar kva som har vert gjort sidan sist krinsting, og opnar for spørsmål frå salen. Ingen spørsmål vart stilt.
- Speiderbutikken "Hos Robert"
Krinsleiar Ragnar Pettersen fortel om korleis det går med butikken og om krinsen sine tankar om kva som er grunnen til at vi har starta ein slik butikk.
- Friluftsliren 2011
Dagleg leiar fortel om kor langt ein er komen i planlegginga av leiren og kva som er tanken bak å arrangere ein slik leir i krinsen.
- Julemarkedet
Krinsleiar Ragnar Pettersen takkar igjen dei som kvart år gjer ein innsats for at Julemarkedet skal kunne gjennomførast, og oppfordra samtidig gruppene til å ta kontakt med folk dei meiner kan bidra til å hjelpe dei som allereie er ein del av julemarkedgjengen.
- Kvamsøy
Louise Pettersen og Kjell Aalvik frå krinsstyret holdt ein presentasjon om kva som var tanken bak oppussinga av leirstaden Kvamsøy. Dei fortalde blant anna om kva som måtte gjerast på leirstaden, og kva som var komen inn av finansiering til prosjektet. Bjarne Eide, 4. Bergen-Sandviken, kom med eit spørsmål om det var gjort nokre tankar om bruk av Skogvokter miljøet. Dette er noko krinsstyret har tenkt på, å forsøke å bygge opp eit miljø som liknar på Skogvokterne. Roar Bye, 1. Skjold, lurte på kva type båt som var tenkt til leirstaden. Krinsleiar Ragnar Pettersen svarte at tanken var å kjøpe inn to båtar, ein liten følgjebåt, og ein litt større som kunne frakte ut deltakarar til øya. Han understreka også at ingenting av dette ville bli kjøpt inn om ikkje finansieringa var på plass først.
- Arbeidsplan
Dag Johan Steinskog frå krinsstyret presenterte krinsen sin arbeidsplan for året. Det vart påpeikt frå Vinjar Wærenskjold at denne orienteringa skulle opp som eigen sak, og ikkje som ein orientering (§ 2-3-4 NSF's lover etter Speidertinget 2010). Arbeidsplanen for kommande år skal takast opp slik at årsmøtet kan stemme over kva krinsstyret skal ha på sin arbeidsplan, og ikkje berre orienterast om.
- Kretsbannerkonkurransen 2010
Ulf Larsen frå krinsstyret delte ut premiar til dei tre beste i Kretsbannerkonkurransen for 2010. Resultata var som følgjer:
 - (1) 1. Fjøsanger. Premie: Blåtur og Vandrepokal.
 - (2) 1. Skjold. Premie: Gavekort
 - (3) 4. Bergen-Sandviken. Premie: Gavekort
- Jubileumsbok 4. Bergen-Sandviken
Bjarne Eide frå 4. Bergen-Sandviken fortalte om bok prosjektet i samanheng med gruppa sitt 100 års jubileum i 2012. Dei frammøtte vart også oppfordra til

å teikne seg på tabula gratulatoria. Dei som velgjer å gjere dette vil få eit eksemplar av boka. Ei oppføring kostar 500 kr.

- 10 års teikn

Krinsleiar Ragnar Pettersen delte ut 10 års teikn for leiarar til Roger Larsen Langøy, 1. Lone, Eva Næss, 1. Storåsen, Bjørn Eivind Grande, 1. Voss, Grethe Nydal, 1. Øystese, Bård Magnus Lundestad, 1. Øystese, Arvid Nese, Ekerhovd FA. Dei som var tilstades på årsmøtet fekk overrekt 10 års teiknet personlig, dei som ikkje var tilstede vil få merket tilsendt i posten.

Det var på dette tidspunktet 49 med stemmerett i salen.

Sak 3: ÅRSMELDING 2010

Krinsstyret si årsmelding vart lagt fram av krinsleiar Ragnar Pettersen.

Sak 4: REGNSKAP 2010

Regnskapet for 2010 blei presentert av krinsleiar Ragnar Pettersen.

Følgjande hadde ordet: Roar Bye, revisor

Revisor Roar Bye berømte krinsstyret for regnskapet, og påpeikte at innkrevjinga av uteståande fordringar var blitt betre.

Kretsstyrets samrøystes forslag til vedtak:
Regnskap for 2010 vert godkjend.

Vedtak:
Regnskap for 2010 vart samrøystes vedtatt.

Sak 6: VAL

Saken blei presentert av valgkomiteens leiar Morten Svendal Hatlen.

Det skulle veljast

- Ny visekrinsleiar
- Ulf Larsen, som alt sit i styret, stiller til visekrinsleiar, om han vert valt må det veljast ny representant til styret.
- Revisor for 1 år

Følgende hadde ordet: Roar Bye, 1. Skjold, Øyvind Høvdning, Os-Kolskogen, Vinjar Wærenskjold, 4. Bergen-Sandviken

Val på visekrinsleiar

Vedtak:

Ulf Larsen blei valt til visekrinsleiar med akklamasjon.

Val på nytt styremedlem

Vedtak:

Christopher Kvalvåg blei valt inn til styremedlem med akklamasjon.

Val på revisor

Vedtak:

Roar Bye ble valt til revisor for eit år med akklamasjon.

Sak 8: AVSLUTNING


Krinsleiar Ragnar Pettersen takkar for oppmøte og delte ut blomster til møteleiar Andreas Dørum og takka for innsatsen.



Jens Ivar K. Kleiven
Referent



Lars Christian Løvik
4. Bergen-Sandviken



Andreas Dørum
Møteleiar



Eva Næss
1. Storåsen